

Møter, fester og moro i jula.

Ungdomslaget «Ørna» heldt fest i jula men laut avlyse spell framsyninga avdi fleire av spelarane vart sjuke. 2den juledag var det framsyning av spelstykket: «Kjærlighet og tobakkløysa» i ungdomslaget Nybrott's hus på Høllanes, Fagerfjell.

Som dille-tanta må vi segja, at spelarne gjorde sakene sine godt. Jubel og lått tvang ofte spelarne til å holde op på tilet. Både utstyr og kostyme var godt og sers høveleg valgt. Den store møtesalen var pakka full. Etterpå var det svingom.

*

3dje juledag var spelstykket: «Rasputin den anden» synt fram på Rønningen i ungdomshuset. Også der vart det spela godt og kvikt. Og spelarane fekk stor fagnad. Etter på svingom.

*

2dre nyårsdagen vart spelstykket: «Kjærlighet og gammelungkar» spela på Karlstad i ungdomshuset der. Det lydest, at spelet vart til stor fagn. Sving om til «dei små timor» etterpå.

Ellest høyrest det om fester, møter og skodespel rundt om frå alle kanter, so unge og eldre har sagtens moroa seg bra også i denne jula. Og det fin-fine veiret gjordo nok sitt til, at frammøta alle steds vor sers gode.

Nyåret kom ogso i år, med framifrå fint veir.

*

U. laget «Ørna» her samla unge og gamle til samkoma dei siste timarne av gammelåret og dei fyrste i nyåret.

Salen var vakkert pryda og det store vakre juletreet midt på golvet gjorde stemningen sers høgtidsam.

God mat og kaffe fekk alle, takk vere kvinnorne som stelte med det. So gjekk møtelyden rundt juletreet og sang julesanger og salmer. Dei siste minutorne, då gamleåret «seig i grav» og «det nye stig av hav» — satt alle stille. So ynskte Rødvik til lukke med nyåret og tala om det som ligg fyre, med nye oppgaver som skal løysast og nye tiltak som skal prøvast. Han mana serleg dei unge til å ta fatt med godt mot. For det må mot og framgangsvilje til, skal kampen for tilværet lukkast. Og ungdommen eig både mot og vilje. Han yngste alle signing og lukka med strevet sitt — på sjø og land — i det kommende året.

Det myrke punkt i kristenheita idag: Krigers gru og blodige tala måtte mane alle gode krefter til kamp mot denne fryktelige tragedie. Måtte nyåret bringe fred. Og lukka og signing tit alle heimar i Finsnes krins og over heile vårt land.

So tala Øivind Johansen sterkt og manande. Livet er som eit hav, livsens hav, der ferda måles i milebolkar. Vi er ved ein slik milebolk i kveld. Det vore stridsomt mange gange å nå heilt fram. Og der er mange vanskar å vinna over. Måtte det nye året bringa oss fram til betre tider og betre lukka, for samfundet, som den eiskilde.

Etterpå var der song og gang om juletreet og tilsist folkeviseleik. Møtelyden skildest so glade og godt fornøid, etter at songen «Gud signe Norigs land» var sungen.

*

På Heimly, var det og ny-årsvaka. Lærer Eikrem tala for det nye året og der var sunge jule- og nyårsanger rundt juletreet.

Losje Kvittind hadde ein gild festkveld i U. l. «Ørna» sitt hus laurdag førr nyår, og sundag hadde losje Lunheim ei gild festleg samkoma i Lærer Pedersens hus i Finnfjord.

I Sørreisakjerka var der midelnatt-messa av presten Søvik. Kjerka var fylt av folk. Og ei varm god preiken gjorde høgtidsstemninga stor.

Også i andre kjerker i midt fylket s. s. Lenvik, Øverbygd, og Salangen var der midnattsmesse.

*

Den første virkelege snøtyngde fekk vi no, natt til torsdag i f. vika. So snøplogene måtte ut om morgonen fyrste gongen i år. Sia har det puttra og snøn, so plogane har vøre i arbeid fleire gonger, og er det framleis.

Det kan vel vera so omlag ein meter snø no på gjamn mark.